

SØKNAD OM LANDBRUKSVEG I SÅTAMYRE 496/1

I forbindelse utbygginga av ny fylkesveg 565 Marås-Soltveit er deler av arealet på 496/1 midlertidig erverva til massedeponi. Når grunnerverv blei gjennomført blei det gjort avtale om at «arealet skulle tilbakeførast til opprinnelig stand». Før utbygginga starta (**bilde 1**) var dette deler av «Torvhusmyrane/Såtemyre», eit område der det frå gammalt av blei henta ut torv. Etter det blei slutt på torvhenting, vart det planta skog då areala ikkje var egna til anna fordi det var ekstremt bløtt (torv blei henta ut, arealet blei fylt med regnvatn og arealet stod under utløpsnivå). I 2015 blei skogen hogd i området, men i Såtemyre blei skogen ståande igjen då det var for bløtt for hogstmaskiner. Skogen i Såtemyre blei hogd av entreprenør når arbeidet med «nye FV565» starta i 2021.



Bilde 1 over Flyfoto av Såtemyra FØR vegarbeidet begynte.


Det går i dag ein traktorveg med avkjørsle frå «gamle fv565» (**bilde 4**). Denne vegen ynskjer eg å knytte saman med anleggsvegen i massedeponiet slik at det blir ein samanhengande veg. Før utbygginga gjekk det traktorveg i området som no er nytta som deponi, men denne er fjerna (Blå veg på bilde 4). Dei siste metara fram til anleggsvegen må utbedrast, då massane frå deponiet har pressa saman den gamle skogsvegen. I knutepunktet raud/blå-veg bilde 4 må det leggest ned større rør, då dette er blitt eit blauthøl. Skal i dialog med utbyggjar då dette er eit problem som er oppstått ifb «nye FV565».



Bilde 2 avkjørsle traktorveg frå gamle FV565



Bilde 3 Traktorveg før ein kjem til Torvhusa



Bilde 4 Blå-veg tidligare traktorveg som er fjerna av massedeponiet, Raud-veg traktorveg som blir nytta i dag.

I dialog med entrepenør av vegutbygginga har eg ytra ønska om at anleggsvegen ikkje blir gravd vekk når prosjektet er avslutta, men liggande som traktorveg eg kan nytta vidare i drifta.

Når arealet no har/er nytta som massedeponi er arealet blitt heva og vatnet som stod i Såtamyre har fått utløp nordover. Eg håpar på at arealet kan nyttast som beite, men ein må sjå korleis det blir når jordmassane har fått satt seg. Eg eig teigen 496/27 som ligg sør for deponi, og anleggsvegen gjer meg også tilkomst til denne (**bilde 5**). I dag er arealet på 496/27 dekkja av gammal skog som me ønsker å ta ut/rydda. Velteplassen og skogsveg som har vore nytta i området ligg på vestsida av «nye FV565», så areal på austsida av «nye FV565» blir avskjært frå skogsveg og velteplass. I begynnelsen av prosjektet var det forespeilt at det skulle settast opp gjerde mellom eigedom og «nye FV565», men dette har dei gått vekk i frå.

Det har vore mange lovnader og endringer både før og undervegs i prosjektet, der grunneigarane stort sett har komt dårligst ut. Eg ønsker derfor å senda inn denne søkanden og har eit håp om at anleggsvegen kan bli liggande (med papira i orden) når eg får arealet tilbake i 2024. For å nytta arealet (enten det blir beita eller planta skog) treng eg tilkomst til arealet for rydding, gjerding, gjødsling, drenering osv.

Den 02/06-23 hadde eg Svein Arne Vågane frå landbrukskontoret med meg på synfaring. Fekk tatt nokon dronebilete 03/6-23 som viser korleis det ser ut i frå lufta og legger desse ved (**bilde 6 og 7**).

Ta kontakt ved spørsmål.

Mvh Maria Pletten

tlf.984 33 009 epost: mariaspletten@gmail.com



Bilde 5 Her ser ein mot sør, over deponiet og inn på teigen 496/27. Teigane blir avskjært i vest av nyevegen.



Bilde 6 Torvhusa ser ein i nedre høyre hjørne, nye veggen ser ein oppe i venstre hjørne, massedeponi midt i bilde.



Bilde 7 Nye veggen og massedeponiet